

# VIKEN 2019–2023 SAMARBEIDS- PLATTFORM




Arbeidarpartiet



miljøpartiet  
dei grøne





# innhald

FYLKESRÅDET SITT KLIMAARBEID .....	7
KOMPETANSE I VIKEN .....	8
BEREKRAFTIGE BYAR, BYGDER OG TETTSTADER I VIKEN .....	10
SAMFUNNSUTVIKLING I VIKEN.....	11
INVOLVERING OG DEMOKRATI I VIKEN .....	11
RIK NATUR I VIKEN.....	12
GOD FOLKEHELSE I VIKEN.....	12
SSTORSATSING PÅ KOLLEKTIVTRANSPORT I VIKEN .....	13
TRYGGE VEGAR OG FRAMTIDAS TRANSPORTLØYSINGAR .....	17
SYKLE I VIKEN .....	18
DIGITAL INFRASTRUKTUR I VIKEN .....	18
NÆRINGSUTVIKLING I VIKEN.....	19
EIT ANSTENDIG ARBEIDSLIV I VIKEN .....	20
HØYRA TIL I VIKEN.....	20
JORDBRUK OG SKOGBRUK I VIKEN .....	21
REISELIV OG TURISME I VIKEN.....	21
KYSTFORVALTING, FISKERI OG HAVBRUK I VIKEN.....	22
TANNHELSE.....	22
INTERNASJONALT ARBEID.....	22
BEREKRAFTIGE INNKJØP .....	23
KULTUR, IDRETT OG FRILUFTSLIV I VIKEN.....	24
KULTURMINNE OG MUSEAR I VIKEN .....	25
IDRETT OG FRILUFTSLIV I VIKEN.....	25

**VALET 2019 GA EIT TYDELEG RAUDGRØNT FLEIRTAL I VIKEN. DET VISER EIN KLAR AMBISJON I FOLKET FOR MEIR RETTFERD, KLIMAHANDLING, DESENTRALISERING OG OMFORDELING. DEI RAUDGRØNE PARTIA SER DET SOM SITT OPPDRAG Å VÆRA EI MOTMAKT MOT DAGENS REGJERING. DERFOR SKAL VI ARBEIDA FOR GODE TILBOD NÆRT FOLK OG FOR STERKE FELLESSKAP I HEILE OMRÅDET VÅRT.**

Arbeidarpartiet, Senterpartiet, Miljøpartiet dei Grøne og Sosialistisk Venstreparti utgjør Fylkesrådet. Dette er fire ulike parti med eit breitt felles verdigrunnlag, men som på same tid er akkurat det: fire ulike parti. Det vil vera saker der det er ulike syn mellom partia. Fylkesrådet vil styra Viken etter ein parlamentarisk modell der openheit, innsyn og involvering blir tungt prioritert. Openheit rundt prosessar og slutningar er avgjerande for tilliten mellom politikarar og folk. Fylkesrådet vil involvera partar i sakene, fagfolk og andre er som er engasjerte i saksfelt og avgjersler.

Fylkesrådet meiner at Fylket Viken er ein lite hensiktsmessig konstruksjon. Stortinget har slått saman Østfold, Akershus og Buskerud mot deira vilje. Med eit nytt storting etter valet i 2021 vil fylkesrådet leggja fram ei sak for fylkestinget med oppmoding til Stortinget om å løysa opp Viken. I påvente av stortingsvalet i 2021 vil ikkje fylkesrådet starta bygginga av nytt fylkeshus. Fylkeshuset i Sarpsborg, Galleriet i Oslo og fylkeshuset i Drammen vert beholdt.

Klimaendringar og øydelegging av natur er dei største utfordringane i vår tid. I åra som kjem må mest mogeleg av Vikensamfunnet sin viljestyrke, optimisme og framtidstru mobiliserast for å ta vare på klimaet, matjord og naturen. Lokalsamfunna i Viken kan ikkje redda verda aleine, men vi kan ta vår del av ansvaret

og vri utviklinga i ei grønarare retning. Fylkesrådet vil bygga politikken sin på FN sine bærekraftsmål og planeten si tolegrense. Våre avgjerder og prioriteringar skal bli vurdert også etter kva følger dei får for natur og klima. Vi vil føra oversikt, med eigne budsjett og rekneskap, for klimautslepp.

Eit raudgrønt Viken skal være bra for menneske og miljø. Vi skal nå dette gjennom trygg politisk styring av veksten, og sørge for at gode krefter spelar på lag med mot uopprettelege klimaendringar.

Fylkesrådet vil ta vare på folk sine mogelegheiter for å styra eiga framtid. Det er eit mål i seg sjølv å jamna ut sosiale forskjellar mellom menneske. Det er viktig at menneske uansett bakgrunn og bustad har dei same mogelegheitene til å leva dei liva dei ønskjer. Vi skal sørge for fleire trygge arbeidsplassar, gode mogelegheiter for utdanning der folk bur, kollektivtilbod og vegnettverk som gir raske og effektive reiser, og at heile regionen vår har gode næringsfunn uansett storleik på kommunen. Dette gir nærleik og tryggleik til tenestene, og betre livskvalitet for alle. s

Fylkesrådet vil at Viken skal ha Noreg si beste vidaregåande utdanning. Fleire må fullføra og bestå vidaregåande opplæring. Uansett bakgrunn og bustad skal elevane ha eit godt tilbod. Eit sterkt støtteapparat, eit sunt, enkelt og gratis skulemåltid, og mogelegheiter til etter- og vidareutdanning av lærarar, er blant fylkesrådet sine tiltak. Samtidig skal ingen elevar bli tvinga til å pendle. Derfor skal Viken ha nærskulegaranti, med mogelegheiter til å søka til andre område om ein sjølv vil.

Fylkesrådet vil satsa kraftfullt på kollektivtransport. Eit moderne kollektivtilbod må være samanhengande og enkelt å bruka. Fylkesrådet ser det som eit politisk

ansvar å organisera kollektivtransporten, og er heilt tydeleg på at buss, ferje, bane og andre delar av offentleg kommunikasjon som fylkeskommunen rår over, skal være i fellesskapen si eige. Viken fylkeskommune skal eiga sitt eige kollektivselskap. Derfor vil vi så raskt som mogeleg få på plass eitt felles billettsystem for vårt område og Oslo. Vi vil ha eit rimeleg prisnivå for vaksne, og redusera prisane på periodebilletter for ungdom og studentar. Fylkesrådet vil bidra til at vi har eit skikkeleg kollektiv- og samferdselstilbod i distrikta, og vi skal ha smart trafikkregulering for å nytta eksisterande infrastruktur betre.

Fylkesrådet vil samarbeida med næringslivet, fagrørsla, kommunane, frivilligheita og andre gode krefter som ønskjer å driva utviklinga framover. Vi vil leggja til rette for fleire grøne arbeidsplassar, forvalta areala våre på ein måte som ikkje bygger ned natur eller matjord, og være støttespelarar for kommunane våre. Vi vil være gode naboar for Oslo, og fortsetja dei tre fylka sitt internasjonale arbeid.

Fylkesrådet vil ha eit anstendig arbeidsliv, med heile, faste stillingar og gode arbeidstilhøve. Useriøse aktørar og dårlege arbeidstilhøve er ein trussel mot folk sin fridom, tryggleik og trivnad. Vi vil innføra ein eigen 'Viken-modell' for offentlege innkjøp som nedkjempar sosial dumping og bidreg til seriøse arbeidstilhøve. Vi skal stilla krav om tariffør, gode dugleikar i det norske språket, faste stillingar, bruk av lærlingar og motarbeiding av svart betaling. Fylkesrådet vil utarbeida ein læreplassgaranti, og samarbeida tett med partane i arbeidsliv og næringsliv for å kartlegga framtida sine behov for kompetanse.

Kven som styrer Viken, betyr noko. Uavhengig av Stortinget si avgjerd, skal bussar fortsetja å gå, lærarar fortsetja å undervisa, klimautfordringane takast på alvor og useriøse arbeidstilhøve nedkjempast. Dei politiske vala som blir tekne vil ha verknad på kvar og ein i vår region. Både nå og i framtida. Vi er klare på at desse vala skal ta menneske og miljø i rett retning, med framtidsretta løysingar basert på berekraft, desentralisering, rettferd og fellesskap.

LØRENSKOG, 1. OKTOBER 2019

  
Tonje Brenna  
ARBEIDARPARTIET

  
Camilla Sørensen Eidsvold  
SOSIALISTISK VENSTREPARTI

  
Anne Beathe Kristiansen Tvinneim  
SENTERPARTIET

  
Kristoffer Robin Haug  
MILJØPARTIET DEI GRØNE

# FYLKESRÅDET SITT KLIMAARBEID

## Fylkesrådet sine klare målsettingar:

- Fylkesrådet har som mål at Viken fylkeskommune si verksemd skal bli fossilfri innan 2028, med krav om at miljøskadeleg drivstoff vert fasa ut.
- Fylkesrådet har som mål at Viken skal bli eit nullutsleppssamfunn, og at klimagassutsleppa frå Viken skal reduserast med minst 80 % innan 2030. Det skal utarbeidast sektorvise kuttplanar med delmål og handlingsplanar som sikrar at klimamåla vert nådde i tide.
- Det skal utarbeidast mål for berekraft i dei årlege budsjetta for Viken. Desse skal speila måla for eiga verksemd og for Viken som heilskap.
- I tillegg til ambisiøse utsleppskutt vil vi at fylket skal bli ein føregangsregion i naturleg fangst og lagring av CO2 gjennom fotosyntesen.

Fylkesrådet erkjenner at vi er i ei klimakrise. Viken skal levere eit kraftfullt svar på klimakrisa, og ta vår del av ansvaret for å redusera klimagassutsleppa. Vi vil gjera klima til ein gjennomgåande prioritet i alle samfunnsutviklingsprosessar. Utslepp skal kuttast gjennom redusert forbruk, ny teknologi og betre løysingar. Vi vil auka forskning på kretsløpa, - også til andre klimagassar enn CO2. Viken sitt klimareknskap og budsjett skal sikra at fylkeskommunen er i rute til å nå målet om 80 % utsleppskutt i 2030. Klimagassutsleppa i norske kommunar vert årleg rekna ut av Miljødirektoratet i samarbeid med SSB. Denne statistikken skal brukast som grunnlag for Viken si klimabudsjettering.

For å nå Viken sine klimamål må fossil energi fasast ut i alle sektorar, og utslepp av ulike klimagassar frå industrien må kuttast. Utslepp av klimagassar frå landbruk, husdyrhald og natur i Viken som er ein del av biologiske prosessar og kretsløp, er ikkje del av Viken sine nullutsleppsmål. Men vi vil arbeida for å redusera biologiske utslepp gjennom samarbeid mellom næring

og FoU-miljø, f.eks. gjennom agronomiske metodar og fôrutvikling.

Sirkulærøkonomien med berekraftig landbruk, bioindustri og elektrifisering er berejelkar i nullutsleppssamfunnet. I staden for forbruk av fossilt karbon må vi satse på fornybart karbon.

I tillegg til ambisiøse utsleppskutt vil vi at fylket skal bli ein føregangsregion i naturleg fangst og lagring av CO2 gjennom fotosyntesen. Primærnæringane er avgjerande i dette arbeidet. Gjennom eit berekraftig skogbruk og jordbruk, og gjennom innovativ bruk av biologiske ressursar som finns i Viken, er naturen ein del av klimaløysinga.

Fylkesrådet prioriterer klima- og berekraftrapportering for Viken fylkeskommune og Vikensamfunnet som heilskap. Klima- og berekraftrapportane skal reviderast kvart år og utgjer grunnlag for utforming av budsjett og handlingsplanar på tvers av sektorane/ansvarsområda i Viken fylkeskommune. Systemansvaret, og i kva grad måla vert nådde, for klima og berekraft skal forankrast i fylkesrådet. Det skal utviklast klimabudsjett og klimaregnskap for Viken som er i tråd med nyaste kunnskap, og som tar opp i seg det gode arbeidet som er gjort i Østfold, Buskerud og Akershus, samt ser til Oslo sitt klimabudsjett. Det første klimabudsjettet gjeld økonomiplanperioden 2021-2025.

Fylkesrådet skal sikra kompetanse og ressursar i alle sektorar i høve arbeidet med rapportering og gjennomføring av klimabudsjett, handlingsplanar for berekraft, samt etisk og berekraftige innkjøp, investeringar, fond- og økonomistyring. Klima- og berekraftmål skal leggjast til grunn for all politikktutforming. Dette omfattar også klimabudsjett med sektorvise utsleppstak. Alle politiske saker som vert lagde fram skal tydeleggjera konsekvensar for klima og berekraft på same måte som økonomiske konsekvensar.

KlimaØstfold er ein modell fylkesrådet ønskjer å gjennomføra for heile Viken: Etablerer Klima-Viken som alle kommunar er medlem i og får støtte til å laga gode og lokalt tilpassa modellar for klimaarbeidet. Viken fylkeskommune skal også vera ein Klimapartner.



# KOMPETANSE I VIKEN

**UTDANNING ER NØKKELEN TIL ARBEID OG INKLUDERING, OG LEGG GRUNNLAGET FOR LIVA TIL MENNESKE. FYLKESRÅDET SKAL VERA SEG BEVISST ANSVARET SOM SKULEEIGAR, OG SKAPA GODE OG INKLUDERANDE MILJØ FOR TILSETTE OG ELEVAR. VI MEINER SKULEEIGARROLLA KAN NYTTAST AKTIVT I ARBEIDET FOR EIT BEREKRAFTIG LÅGUTSLEPPSSAMFUNN.**

Fleire skal fullføre og bestå vidaregåande opplæring. Alle skal ha rett på ei god utdanning, uavhengig av bustad og bakgrunn. Overgangen mellom ungdomsskule og vidaregåande må bli betre. Fylkesrådet meiner ein god offentleg skole, som held fast ved gratisprinsippet, er viktig for å oppnå dette. Det er viktig å sikra at alle skular har god kvalitet. Fylkesrådet vil fasa inn ei ordning med eit sunt og gratis skulemåltid til alle elevar i vidaregåande. Skulane våre er ulike, og kvar enkelt skule skal sjølv finna den beste måten å organisere skulemåltidet på.

I Viken er det eit stort behov for faglært arbeidskraft. Fleire enn i dag må søka yrkesfag, og fleire enn i dag må fullføre løpet. Fylkesrådet vil innføra ein læreplassgaranti. Gjennom tett samarbeid med næringsliv, kommunar, staten, bedrifter og organisasjonar vil vi sørge for eit betre samsvar mellom arbeidslivet sine behov og elevane sitt utdanningsval.

Fylkesrådet meiner at elevane i Viken skal ha rett til å gå på ein skule i nærleiken av der dei bur. Det betyr at avstand til skulen du søker på, tel meir enn karakterane dine. Likevel skal alle kunne søka seg til andre skular og regionar, om dei sjølve vil. Fylkesrådet vil fasthalda skulestrukturen, og elev-, lærling- og mobbeomboda som i dag finns i Viken.

Vi vil ha en heilskapleg skulekvardag, og vil bygga sterke lag rundt eleven. Alle elevar skal ha ein kontaktlærer. Eleven skal ha tilgang på eit godt støtteapparat i helsesjukepleiarar, skulepsykologar, miljøarbeidarar, karriererådgjevarar og andre vaksne som gir trygge og oppbyggelege miljø. Fleire vaksne i skulen gir også læraren meir tid til nettopp det å være lærar.

Fylkesrådet ønskjer at læraren skal ha meir tid til undervisning. Med meir tillit til pedagogar og andre fagfolk i førstelinja, skal fokus rettast meir mot læring og mindre mot målstyring og rapportering. Alle lærarar bør ha mogelegheit til etter- og vidareutdanning, slik at kompetansen vert oppretthalden på eit høgt nivå.

Viken har fleire folkehøgskular. Dette er eit viktig tilbod. Folk i heile fylket er tent med verdibaserte, lokale opplæringstilbod. Vi vil fortsetja samarbeidet med folkehøgskolane, og vidareføra fylket sin rolle som en god eigar.

## Fylkesrådet vil:

- Sikra gode offentlege skular over heile Viken. Gratisprinsippet skal sikrast.
- Utarbeida ein finansieringsmodell for vidaregåande som sikrar at alle skular har den nødvendige grunnfinansieringa og at ingen klassar blir underfinansierte.
- Kartlegga klassestorleiken i vidaregåande opplæring for å sikra at det er nok lærarar per elev.
- By på eit breitt spekter av vidaregåande opplæring, med fokus på kva arbeidslivet treng og kva mogelegheitene er i ulike delar av fylket.
- Fasa inn ei ordning med gratis skule-PC til alle vidaregåande elevar.
- Sikra nærskuleprinsippet.
- Fasthalda dagens skulestruktur med eit bredt linjetilbod.
- Sørga for at elevar som startar på eit løp ved ein skule får fullføre løpet ved den same skolen.
- Legga til rette for alternative løp og fleire fleksible læringsarenaer i vidaregåande opplæring, og utvikla nye måtar å samarbeida på om utdanning i samarbeid med næringslivet. Vi ønskjer å kunne nytta vekslingsmodellen frå eit tidleg tidspunkt i utdanningsløpet.

- Vidareutvikla lære kandidatordninga.
- Nyttja mogelegheitene for internasjonal utveksling, også for lærlingar.
- Gi eit sunt, godt og gratis skulemåltid til alle vidaregåande elevar kvar dag.
- Byggja eit solid lag rundt den einskilde elev.
- Styrka rådgjevingstenesta og auka kvaliteten i karrierevegleiinga.
- Betre seksualitetsundervisninga, og leggja vekt på både grensesetting, helse og seksualitet som kjelde til glede og trivsel. Undervisninga skal blant anna inkludera kjønns- og seksualitetsmangfald.
- Ha ein heilskapleg kompetansepolitikk og slik bidra til auka sysselsetting.
- Starte eit tillitsløft i den fylkeskommunale utdanningssektoren, organisert gjennom treparts-samarbeid.
- Bruka fagskulen aktivt for å sikra arbeidslivet og arbeidstakarar ønskt kompetanse.
- Satse på fagskulane. Framtida sine krav til høgare yrkesfagleg kompetanse vil auka. Fagskulane må dekkja slike behova.
- Vidareutvikla og forsterka ordninga med Ungt Entreprenørskap.
- Få på plass ordningar som UngInvest og Vekstbedrifter fleire stader i Viken.

Fylkesrådet vil styrka vaksenopplæringa. Gjennom ordningar som regionale kompetanseforum vil vi etablere oversikt over kompetansebehovet i Viken, og utvikla planar for å dekkja dette behovet. Vi meiner eitt viktig tiltak er tette samarbeid med Viken sine institusjonar for høgare utdanning. Her ligg mykje kompetanse som kan nyttast for å sikra etter- og vidareutdanning til folk som ønskjer påfyll eller vaksenopplæring. I tillegg vil fylkesrådet fortsetja det gode samarbeidet med dei mange studieorganisasjonane, høgare utdanningsinstitusjonar og Vaksenopplæringsforbundet.

## Fylkesrådet vil:

- Etablere regionale kompetanseforum og koordinere heilheitlege planar for å dekke kompetansebehovet i Viken.
- Ta initiativ til at høgare utdanningsinstitusjonar i vårt område tilbyr relevant og desentralisert utdanning som møter næringslivet sine behov for omstilling.

# BEREKRAFTIGE BYAR, BYGDER OG TETTSTADER I VIKEN

**VIKEN SINE BYAR, BYGDER OG NATUR SKAL GI 1,2 MILLIONAR MENNESKE GODE LIVSMILJØ OG GRUNNLAG FOR EIT LIVSKRAFTIG NÆRINGS- LIV. FOR Å TA VARE PÅ OG VIDAREUTVIKLA LOKALSAMFUNNA I VIKEN FOR FRAMTIDA, MÅ VI STILLA TYDELEGE KRAV TIL PLANLEGGING. FYLKESRÅDET VIL UTVIKLA EIN REGION SOM ER BEREKRAFTIG, I DAG OG OM 100 ÅR.**

Fylkesrådet vil føra ein arealpolitikk som motverkar sentralisering og legg til rette for vekst og utvikling i heile fylket. Fylkesrådet vil bevare identitet og særpreg ein finn i lokalsamfunn og regionar. Vi vil leggja til rette for et berekraftig lågutsleppssamfunn kor flest mogeleg kan reisa til fots, med sykkel eller med kollektiv i heile fylket. Det inneber ein hovudregel kor eksisterande utbyggingsområde vert nytta og fortetta før ein tar i bruk nye område til utbygging, og som differensierer mellom by- og bygdeområder. I område med svakt befolkningsgrunnlag kan ein tillata noko spreitt bygging av bustadar.

Viken har eit unikt biologisk mangfald, flotte naturområde og mykje av landet si beste matjord. Vedtak om utbygging er av dei mest ugjenkallege vedtaka samfunnet tar. Medverking i arealpolitikken er derfor avgjerande. Viken er avgjerande for at Noreg skal auka sjølvforsyningsgraden og matsikkerheita. Fylkesrådet har derfor ein nullvisjon for tap av matjord, og vil følja jordloven strengt.

## Fylkesrådet vil:

- At Viken skal etterleva FN sine berekraftmål og bidra til å redusere Viken-samfunnet sine økologiske fotavtrykk.
- Laga ein plan for bygdemiljøpakkar i samarbeid med stat og kommunar og andre relevante aktørar. Planen skal visa ei heilskapleg satsing på auka mobilitet og meir miljøvenleg transport og livsstil i Viken sine distrikt.
- Utarbeida arealreknskap i Viken i samarbeid med kommunane.
- At terskelen for utbygging i inngrepsfrie og spesielt verdifulle naturområde må bli høgare.
- Bruka fylkeskommunen si motsegnsmyndigheit for å stansa irreversible inngrep som øydelegg viktig natur, matjord eller viktige kulturverdiar, verna og freda hus- og fartøy.
- Arbeida for å trekka tenester, lokal handel og næringsliv inn til sentrum i bygder og byar der folk bur. Viken skal arbeida for å hindra etablering av nye bilbaserte kjøpesentra.
- Kartleggja og verna om friluftsområde for å sikra framtidige generasjonar tilgang til nærtur. Omsynet til friluftsverdiar bør prioriterast særleg i pressområda.

# SAMFUNNSUTVIKLING I VIKEN

**FYLKESRÅDET VIL SETJA I GONG ARBEIDET MED EIN NY REGIONAL AREAL- OG TRANSPORTPLAN. FLEIRE SAMFUNNSOMSYN, SLIK SOM FOLKEHELSE, LIVSKVALITET, KLIMATILPASSING, NATURVERDIAR, RESTAURERING AV NATURMANGFALD, PRIMÆRNÆRING OG MATPRODUKSJON SKAL TAS MED I PLANEN.**

Planen skal ta opp korleis Viken kan skapa meir robuste økosystem, ta vare på bestandar og arter, og gi større artsmangfald i løpet av det neste tiåret. Det skal også utviklast gode verkemiddel for å bevare og

reparere økosystema i Oslofjorden, anten gjennom den regionale areal- og transportplanen eller i ein eigen plan. Ein regional plan for klima i Viken inngår også i dette arbeidet.

Viken har høgt press på fritidsbustader og eit utstrekkt reiseliv. Planane i Viken skal sørga for at omsynet til berekraftige lokalsamfunn, inngrepsfri natur, trua arter, beiteinteresser og kulturlandskap veg vesentleg tyngre enn i dag. Dette gjeld også fritidsbustader og destinasjonsutvikling.

# INVOLVERING OG DEMOKRATI I VIKEN

Fylkesrådet vil leggja til rette for eit sterkt folkestyre i Viken. Alle innbyggjarar skal ha mogelegheit til å påverka fylket vårt. Vi vil ta i bruk digitale mogelegheiter for å minska dei store geografiske avstandane i Viken. Vi vil spreia makt gjennom ei styrking av frivilligheita og sivilsamfunnet. Støtteordningar skal gi frivillige organisasjonar større fridom og føreseiing, og dei skal involverast meir i offentlege prosessar. Vi er opptekne av enkeltmennesket i Viken. I vår kommunikasjon skal vi vera inkluderande og speile mangfaldet blant Viken sine innbyggjarar.

## Fylkesrådet vil:

- Sørga for at politiske dokument og prosessar er enkelt tilgjengeleg digitalt.
- Utvikla modellar som sikrar ungdom reell medverknad og påverknad i Viken.

• Etablera og bruka medverknadsråd aktivt i politikkkutforming i Viken.

• Utvikla og innføra eit lobbyregister i Viken fylkeskommune.

• Gjera Viken og Viken sine tenester universelt utforma, både med tanke på fysisk, digital, og språkleg tilgjenge.

• Mangfald og likestilling, både mellom kjønn og ulike grupper, er viktige verdiar for styring av Viken. Dette skal verta synleggjort og følgjast opp.

• Vi vil innarbeida eit meir inkluderande språk i fylkeskommunen sin språkprofil.

• Utarbeida ein språkbruksplan som tar vare på dei språklege rettighetene til innbyggjarar, og som gjennomfører ein politikk for å sikra gode bruksvilkår for både nynorsk og bokmål.

# RIK NATUR I VIKEN

**FYLKESRÅDET VIL TA VARE PÅ DEN RIKE NATUREN I HEILE VIKEN. NATUREN GIR OSS REINT VATN OG REIN LUFT, MAT OG ET MANGFALD AV NYTTIGE PRODUKT, OG ER GRUNNLAGET FOR BUSETTING OG NÆRINGSVERKSEMD. DEN BESKYTTAR MOT KLIMASKADER, OG GIR OPPLEVINGAR, LIVSGLEDE OG REKREASJON.**

Arealbruk og planlegging utan omsyn til naturen har gjort mange av Viken sine artar sårbare eller trua. Fylkesrådet erkjenner at det ikkje er tilstrekkeleg å ta vare på dei eksisterande naturverdiane. Dersom utrydding av artar skal stansast, må vi også reparere øydelagt natur og artsrikt kulturlandskap som er særleg utsett. Viken skal bli Noreg sitt mest

insektsvenlege fylke, og støtta grunneigarar som gjennomfører tiltak som tar vare på trua artar, insekt og kulturlandskap. Uønskte artar skal nedkjempast. Viken skal gå føre i dette arbeidet, i nært samarbeid med kommunar, dei det rører ved og friviljugheita.

Naturressursane våre er felleseige og må forvaltast klokt og til det beste både for nåtid og framtid. Fylkesrådet er oppteken av at vasskraftrettigheitene skal vera på offentlege hender.

Vassdrag og vassressursar er viktige både for transport, næring, natur og miljø. Og Viken gir nye mogelegheiter for samarbeid og utvikling. I tillegg er også vassdraga våre viktige kulturhistoriske område. Fylkesrådet vil hegne om og ta vare på vassdraga våre.

## Fylkesrådet vil:

- Fylkeskommunen skal arbeida for å fremja kulturlandskapet i heile fylket.
- Arbeida mot alle former av ureining i Viken, - som forsøpling, gummigranulat frå kunstgrasbanar og utslepp frå forureina hamner og elveløp.
- Sei nei til bygging av vindturbinparkar i urørt natur og viktige friluftsområde. Støtta opp om kommunar som seier nei til etablering av vindturbinparkar.
- Arbeida meir offensivt for å avgrensa tap av beitedyr til rovdyr gjennom forebyggjande og avbøtande tiltak.
- Arbeida for å avgrensa bruk av vass-scooter i skjergarden og fornøyleskøyting med snøscooter og ATV.

• At viktige naturområde vert knytt saman med grøne korridorar, eller andre tiltak for å gi arter større leveområde.

• Gå inn for å binda saman nasjonalparkane på Hardangervidda og Hallingskarvet. Blant anna ved å leggja RV7 i tunnel av omsyn til villrein-stammen.

• Ha ein nullvisjon for tap av biologisk mangfald.

• Våtmark, vassdragssystem, raviner og myr skal beskyttast.

# GOD FOLKEHELSE I VIKEN

**VIKEN FYLKESKOMMUNE SKAL ARBEIDA FOR EIT HELSEVENLEG LOKALSAMFUNN, FØREBYGGJA SJUKDOM OG BIDRA TIL Å UTJAMNA SOSIALE HELSEFORSKJELLAR. GODE SOSIALE TILHØVE, SUNN SAMFERDSEL, LITE MILJØGIFTER, RIK TILGANG TIL NATUR OG KULTUR, SAMT EI FRAMTID Å TRU PÅ ER VESENTLEGE ELEMENT FOR EI GOD FOLKEHELSE. AUKANDE ULIKSKAP I SAMFUNNET GÅR UTOVER LIVSKVALITET. VIKEN VIL DERFOR ARBEIDA FOR Å MOTVERKE AUKANDE ØKONOMISK ULIKSKAP, OG STØTTA OPP UNDER AT ALLE MENNESKE SKAL HA LIKE MOGELEGHEITER.**

Kropp og psyke heng uløyeleg saman. Vi vil arbeida for eit samfunn der sosiale nettverk og aktivitetar på tvers av alder bidreg til å førebyggja lidningar og redusera behovet for offentleg hjelp. Vi vil involvere innbyggjarane, visa fagfolk tillit og bidra til utstrekt samarbeid på tvers av sektorar og kommunar.

## Fylkesrådet vil:

- At livskvaliteten i Viken skal auka. Fylkesrådet vil, basert på Helsedirektoratet og SSB sine statistikkar, samarbeida med kommunane om aktivt å bruke nye indikatorar for livskvalitet i samfunnsutviklinga.
- Beskytta allemannsretten. Leggja til rette for eit aktivt friluftsliv i Viken der folk kan sankta, jakta og utøva friluftsliv på naturen sine premisar.
- At ein skal kunna reisa kollektivt til utfartsstader og oppretta fleire helgeruter for båtar og bussar til populære utfartsstader som elles har lite passasjergrunnlag.
- Gi friviljuge og ideelle organisasjonar mogelegheit til å ta ei meir aktiv rolle i folkehelsearbeid.

# STORSATSING PÅ KOLLEKTIV-TRANSPORT I VIKEN

**MÅTEN VI PLANLEGG TRANSPORT PÅ, PÅVERKAR BYANE VÅRE, BYGDENE VÅRE, KOR BEDRIFTER ETABLERER SEG, LUFTA VI PUSTAR I OG KOR FOLK VEL Å BUSETTA SEG.**

Transportsektoren står for brorparten av utsleppa her til lands. For å nå klimamåla fylkesrådet har sett seg, må transportutsleppa reduserast dramatisk, og mykje ressursar og merksemd flyttast frå veg og personbil over på kollektiv, sykkel og gonge. Det betyr at vi må prioritera kollektivtrafikk og vedlikehald av dei vegane som allereie finns, framfor å bygga nye vegar. Fylkesrådet vil ha ei storsatsing på kollektivtransport. Vi vil gjera det enkelt og billeg å velja miljøvenleg i heile Viken.

Vi vil at investeringar i veg og bane vert brukte på løysingar som skånar natur og matjord. Ein kraftig auke i kollektivdelen er også den einaste måten å

sikra framkomme på vegane i og rundt byane. Både for bussar, varetransport og for dei som må køyra bil. Fylkesrådet vil samordna seg med Oslo for å bygga moderne, berekraftige og attraktive kollektivløysingar i Oslofjordregionen.

Tog er ein viktig del av kollektivtransporten i Viken, og bidrar til å binda heile område vårt saman. Fylkesrådet vil arbeida saman med nasjonale myndigheiter for å utvikla eit best mogeleg tilbod til innbyggjarane våre som er rimeleg, punktleg og påliteleg.

Fylkesrådet vil utvikla eit sterkt og berekraftig Viken med byar, tettstader og grender med høg livskvalitet, gode levekår, og med reduserte klimagassutslepp og mindre transportbehov. Det forutset ein velfungerande samferdselssektor som gjer at folk kan bu og arbeida i heile Viken.

i i A r  
ø g t p  
S a d  
S o b a  
r m t i r i e k  
d r l e  
e - t n e t  
r p  
æ ~ e ø n  
e p f  
i

*– De rødgrønne partiene ser det som sitt oppdrag å være en motmakt mot dagens regjering. Derfor skal vi jobbe for gode tilbud nært folk og for sterkere fellesskap i hele vårt område.*



Framkomme for pendlarar og næringsliv må bli betre. Det må verta utvikla fleksible ordningar og billettsystem som gjer overgang mellom ulike transportmiddel enkelt. Fylkesrådet vil leggja til rette for fleire innfarts- og pendlarparkeringsplassar, og opparbeida kollektivknutepunkt rundt byane som gjer det enkelt å skifte frå bil til kollektivtransport. Dette skal ikkje gå på kostnad av matjord og naturverdiar. Sjøtransport er ein viktig del av kollektivtransporten i Viken. Vi vil arbeida for fleire ferjeruter, ferjeavgangar og fossilfri ferjetransport.

Fylkesrådet vil prioritera prosjekt som reduserer klimagassutslepp og bidreg til målet om trafikkreduksjon. Fylkesrådet vil bruka bompengar, og på sikt vegprising, for å regulera trafikken inn til byane og til å finansiera kollektivtransport. Dette gjeld for eksempel prosjekt under byvekstavtalen med staten som Oslopakke 3-samarbeidet og bypakken Nedre Glomma.

Fylkesrådet vil ta initiativ til å utvikla eit felles billettsystem med Oslo, for heile Viken. Målet er rimelege og enkle overgangar, og å fjerna dei kunstige grensene dagens sonesystem fører til. Vi vil søka samarbeid med VY og andre aktørar for å sikra at flest mogeleg billetter er gyldige hjå flest mogeleg leverandørar. I samarbeid med Oslo vil vi redusera kollektivprisane betydeleg. Målet må vera at det løner seg å velje miljøvennleg.

## Fylkesrådet vil:

- Ha eit mål om at all person- og varetransport i Viken skal vera utsleppsfri innan 2030, og leggja til rette for dette.
- Spesielt prioritera at ungdom og studentar får billegast mogeleg periodebilletter.
- Arbeida for å utvida kollektivsystemet til å inkludere fleire tilkallingsløyningar som Flexbuss, bildeleordningar og satsing på autonome busser.
- Prioritera tverrsamband og matebussar til stasjonane.
- Gjennomføra prøveordning med kollektivfelt på E18 Vestkorridoren som avtalt i Oslopakke 3.
- Bruka meir av vegareal til kollektivfelt for betre bussframkomme i heile Viken.

- Kommunar som gjennomfører omdisponering av vegareal til kollektivfelt som aukar bussframkomme, kan lønast med betre kollektivtilbod frå fylket.

- Det skal rapporterast tal for betring i bussframkomme i byområda i Viken årleg.

- Sikre ei best mogeleg TT-ordning, og gå gjennom ordninga med bestillingstransport sett i samanhang med TT-kort.

- Arbeida for fossilfri taxinæring i heile Viken innan 2023, og arbeida for betre mogelegheiter for dele-drosjer.

- Vi vil nytta taxiselskap der det er mogeleg, og der taxiselskapa sjølv ønskjer det, gi einerett. Dette for å sikra eit best mogeleg taxitilbod i dei kommunane som ligg innanfor terskelverdiane i den nye loven.

- Bidra til utviklinga av ein effektiv transportkorridor for folk og gods mellom Oslo og Gøteborg og dermed vidare til Europa.

- Arbeida for betre nattogsamband til kontinentet.

- Arbeida for at Intercity blir ferdigstilt.

- Arbeida for å korta ned reisetida til og frå Oslo over Østfoldbanen si austre linje ved å sikra planfri påkopling til Follobanen.

- Arbeida for nytt spor slik at tog kan konkurrera med fly mellom Oslo og Stockholm og slik frigjera banen til person- og godstransport.

- Ha ei offensiv satsing for transport på fjorden, og gjera all ferjetransport i Viken fossilfri innan 2023.

- At det skal bli utvikla eit utsleppsfritt hurtigbåttilbod i Oslofjorden som avlastar vegane langs fjorden og som blir sett i drift snarast.

- Prioritere følgjande tiltak i Oslopakke 3:
  - T-bane Fornebu, og betre kollektivdekning på tvers i Bærum med sikte på framtidig baneløysing.
  - Baneløysing på Romerike, med forlenging til Kjeller.

# TRYGGE VEGAR OG FRAMTIDAS TRANSPORTLØYSINGAR

## FYLKESRÅDET HAR TO NULLVISJONAR FOR ARBEIDET MED INFRASTRUKTUR: NULL DREPNE I TRAFIKKEN OG NULL UTSLEPP.

Bilen er ein viktig del av transportsektoren i Noreg, og kjem til å vera det i mange år framover. Fylkesrådet vil redusera forfallet på fylkesvegnettet, prioritera trafikksikring og ha eit mål om at vegane våre, med fast dekke, toler 10 tons akseltrykk utan telerestriksjonar.

Utanfor byområda i Viken er det for mange vanskeleg å klara seg utan bil i kvardagen. Derfor må at all vare- og persontransport bli utsleppsfri så raskt som mogeleg. Vi må løysa køproblema rundt byane våre. Skal vi klara det, må vi satsa på kollektivtransport, sykkel og gonge.

Fylkesrådet vil, i samarbeid med stat og kommune, arbeida for å utvikla bygdemiljøpakkar for god mobilitet og meir miljøvennleg transport i Viken sine distrikt. Fylkesrådet vil ikkje prioritera auka vegkapasitet, eller store nye vegprosjekt, men bruka meir pengar på moderne kollektivløysingar for heile Viken. Vi vil ha trygge og godt vedlikehaldne veger i distrikta.

E18 vest for Oslo er prega av kø og overbelastning. Viken skal arbeida for ei miljø- og klimavennleg løysing for transporten i Vestkorridoren som reduserer trafikk, betrar mjuke trafikkantar sine kår, gir rom for byutvikling og møter næringslivet og fastbuende sine behov.

Oslopakke 3 er ei avgjerande samarbeidsplattform for å løysa regionen sine trafikkutfordringar på en god måte. Det skisserte bompengeprogget for E18, som har vore på høyring frå SVV, er i strid med lokal einigheit i OP3, - fordi regjeringa vil utvida talet på felt inn mot Oslo. Fylkesrådet i Viken vil derfor ikkje vera garantist for den skisserte finansieringa. Fylkesrådet vil be regjeringa om at det ikkje blir gått vidare med

E18-prosjektet slik det nå er planlagt av regjeringa, og vil arbeida for å endra prosjektet gjennom samarbeid med partane i Oslopakke 3. Fylkesrådet legg til grunn at vegkapasiteten ikkje skal auka, og at kostnad og bompengar for prosjektet skal reduserast.

Fylkesrådet forutset at Regjeringa ikkje forskoterer vidare planlegging av E18 før Oslo og Viken (tidl. Akershus), som er dei lokale partar, har kome til einigheit.

Flytrafikken er i all hovudsak eit nasjonalt anleggjande, men arealbeslag frå flyplassar, samt lokal ureining og støy, er spørsmål som vedkjem våre innbyggjarar i stor grad. Fylkesrådet seiar derfor tydeleg nei til å utvida flyplassen på Gardermoen med ei tredje rullebana.

## Fylkesrådet vil:

- Redusere etterslepet på vedlikehald på fylkesvegane.

- Laga ein handlingsplan for trafikksikkerheit og framkomme på fylkesvegane i regionen sine større tettstadar, der tiltak som betrar situasjonen for mjuke trafikkantar vert prioritert.

- Laga ein heilskapleg transportanalyse/utgreiingskonkurranse rundt Oslofjorden som kartlegg potensial for å løysa køproblem med andre nye tiltak enn vegbygging.

- Leggja til rette for bypakkar som har som mål å kutta utslepp, gi betre luft, kutta i talet på bilar i bysentrum, og styrke kollektiv- og sykkeltilbodet.

- Greia ut ei bygdemiljøpakke for miljøvennleg transport og god mobilitet i distrikta.

- Sterkt redusera salting av fylkesveier, leita etter alternativ til vegsalting. Utvide talet på vegar

med vinterstandard, og arbeida for forsøk med alternative trafikksikkerheitstiltak.

- Bygge ut fleire ladestasjonar med god effekt langs fylkesvegane, og kontinuerleg vurderer utbygginga opp mot korleis elbilparken blir bygd opp og brukt.
- Stimulera kommunane til å støtta utbygging av smarte og sikre heimeladarar for burettslag og andre typar bustadar.

## SYKLE I VIKEN

**SYKLING ER BRA FOR FOLKEHELSE, OG NÅR SYKKELEN ERSTATTAR BIL, BIDREG DEN TIL MINDRE TRAFIKK OG LÅGARE KLIMAGASSUTSLEPP. I VIKEN SKAL DET LEGGAST VESENTLEG BETRE TIL RETTE FOR Å KUNNA BRUKA SYKKEL SOM FRAMKOMSTMIDDEL BÅDE I OG MELLOM BYER OG TETTSTADER.**

### Fylkesrådet vil:

- Ha ei stor satsing på utbygging av sykkelveg, med vekt på samanhengande traséar og arealvenlege løysingar.
- Gå gjennom handbøkene til myndighetene (Statens Vegvesen) for sykkelveg og oppgradera dei i tråd med ny kunnskap om meir areal- og ressursparande løysingar/standardar, som enklare standardar på gang- og sykkelveg.

- Legga til rette for ladeinfrastruktur og fyll-estasjonar for andre fossilfrie energikjelder for drosjer og anna næringstransport.
- Arbeida for at fylkesvegane skal byggast og utbetrast med omsyn til kryssande vilt og beitedyr, med gode overgangar og bruk av viltgjerd-er i spesielt utsette område.
- Sei nei til tredje rullebane på Gardermoen.

- Ha meir separat plass til sykkel på fylkesvegane, med fokus på omdisponering av eksisterande vegareal langs fylkesvegane til sykkel og kollektivfelt.
- Etablere trygg sykkelparkering ved fleire kollektivknutepunkt.
- Sikra at brøyting og nødvendig strøing av sykkel- og gangvegane skal ha minst like høg prioritet som for bilvegar, der det er aktuelt.
- Prioritera trygge skule- og sykkelvegar i tettbygde strøk framfor auka biltrafikk, ved bl.a. fokus på betre oppmerking, raude sykkelfelt og trafikksikkerheitstiltak langs fylkesvegane i tettstadene.
- Etablere hjartesoner rundt fleire skular.
- Arbeida for skiltmyndighet til fylkeskommunen, og større mogelegheit til å påverka fartsgrensene.

## DIGITAL INFRA-STRUKTUR I VIKEN

**TILGANG TIL INTERNETT ER VIKTIG FOR AT ALLE SKAL KUNNA HA LIKE MOGELEGHEITER TIL Å DELTA I SAMFUNNSLIV OG DEMOKRATIET I HEILE FYLKET, OG FOR Å HA NÆRINGS- OG BUSSETTING I HEILE FYLKET. VIKEN SKAL VERA EIT FYLKE DER ALLE KAN KOPLA SEG PÅ NETT.**

### Fylkesrådet vil:

- At alle husstandar i Viken skal ha fiberdekning, og vil vera ein pådrivar for dette.
- At digitalisering skal bidra til å effektivisera fylkeskommunen sitt arbeid.

# NÆRINGSUTVIKLING I VIKEN

**VIKEN HAR MED SINE NASJONALT OG INTERNASJONALT VIKTIGE NÆRINGS- MILJØ INNAFOR LANDBRUK, INDUSTRI, TEKNOLOGI, INNOVASJON, SKOG OG REISELIV EI UNIK MOGELEGHEIT TIL Å TA LEIARSKAP I DEN GRØNE OMSTILLINGA SOM HEILE VERDA NÅ MÅ GJENNOMFØRA.**

Vi vil legga til rette for nye grønne næringer tufta på fornybare ressursar og innovativ teknologi. Vi vil gjera Viken til ein spydspiss for eit faktisk berekraftig grønt skifte i Noreg, og vera ein føregongsregion ved å legga til rette for sirkulærøkonomi og ei digitaliseringsutvikling for næringslivet.

For at Viken skal gå føre i det grønne skiftet må vi gjera det lettare å skapa lokale arbeidsplassar. Fylkesrådet vil tryggja arbeidsplassar, verdiskaping og velferd på lang sikt, og bruka Viken fylkeskommune aktivt som motor i det grønne skiftet. Det inneber også å samarbeida med leiande internasjonale miljø og regionane i Europa.

Næringspolitikken i Viken må bidra til eit kreativt, mangfaldig og nyskapande næringsliv med arbeidsplassar spreitt over heile fylket. Vi ønskjer å legga til rette for eit næringsliv i Viken som bidreg til full sysselsetting og eit organisert og ryddig arbeidsliv. Ei balansert næringsutvikling fører til betre utnytting av folk, ressursar og infrastruktur. Vi ønskjer å utvikle tenester, handel og arbeidsplassar i bygder og byar der folk bur.

Fylkeskommunen skal spela på lag med Viken sine sterke innovasjons- og forskingsmiljø. Vi vil styrka næringsklyngene og etablere innovasjonsprogram for bedrifter. Det må leggjast betre til rette for gründerverksemd. Fylkeskommunen skal bidra til at næringslivet samarbeider tett med vidaregåande skular, fagskular og høgare utdanning slik at vi kan utdanna folk til lokale behov. Heile fylket må få fiberdekning. Det vil gi mogelegheiter til busetting i heile fylket, samt lokale arbeidsplassar, næringsfellesskap og redusert pendling. Vi vil at fleire offentlege arbeidsplassar skal desentraliserast.

I eit grønt skifte skal vi, i ei styrt og føreseieleg omstilling, fasa ut fossilt karbon som energi og erstatta det med fornybar energi. Vi skal også erstatta

fossilt karbon som materiale med fornybart karbon. Berekraftig forbruk og produksjon handlar om å få meir ut av mindre ressursar. Eit berekraftig næringsliv sikrar langsiktig verdiskaping og velferd gjennom å respektera naturen si toleevne. Fylkesrådet vil arbeida for at insentiv og tiltak vert skreddarsydd for ulike næringer slik at det løner seg å delta i det grønne skiftet.

Grøn omstilling må også vera rettferdig omstilling. Kostnadane ved omstilling må delast geografisk og sosialt. Vi må ha ulik politikk i spreitt bygde og tettbygde strok.

Eit framtidretta og grønt næringsliv i Viken når vi gjennom bruk av fornybare råvarer og ressursar, kontinuerleg reduksjon av alle utslepp til luft, vatn og jord frå produksjon og distribusjon, samt stor omstillingsevne og innovasjon.

Fylkeskommunen skal gå først i klimaarbeidet gjennom eiga verksemd, innkjøp og prosjekt. Vi skal etterspørja klimainnovasjon i fylkeskommunale bygg og verksemd. Alle fylkeskommunale bygg må planleggjast som nullenergibygg.

Norsk næringsliv er i stadig omstilling, og dei seinare åra har jobbar knytt til olje og gass forsvunne frå vårt område. Bedrifter og kompetansmiljø som tidlegare har levert kloke hovud til petroleumsnæringa, kan bruka denne kompetansen til å styrka og utvikla både eksisterande- og nye næringer i Viken.

Fylkesrådet vil ta initiativ til å etablere eit samarbeid mellom arbeidstakarorganisasjonar, utdanningsinstitusjonar og næringsliv i Viken. Målet er å bidra til omstilling, påfyll av kompetanse, sysselsetting og at gode krefter kan finna kvarandre.

Vi vil at fylkeskommunen skal være ein innovativ innkjøpar og skaffar, - med fokus på berekraft. Modellar for leige og gjenbruk skal testast ut. Innkjøpsregelverket skal i størst mogeleg grad gjera det mogeleg for små og mellomstore bedrifter, og lokalt næringsliv, å konkurrera.

Vi skal auka det internasjonale samarbeidet, og kunnskapen om, verkemiddel i EU som norske regionar kan søke om.

# EIT ANSTENDIG ARBEIDSLIV I VIKEN

**TREPARTSSAMARBEIDET HAR BIDREGE TIL EIT GODT ORGANISERT ARBEIDSLIV I NOREG. LIKEVEL ER DET MYKJE SOM KAN BLI BETRE. FYLKESRÅDET VIL BRUKA VÅRE POLITISKE MUSKLAR TIL Å BIDRA TIL EIT MEIR ANSTENDIG ARBEIDSLIV. FYLKESKOMMUNEN ER EIN STOR ARBEIDSGJEVAR MED MANGE TUSEN TILSETTE. FYLKESKOMMUNEN SKAL VERA EIN SERIØS ARBEIDSGJEVAR SOM INVOLVERER PARTANE, OG SOM LYTTAR TIL DEI DET RØRER VED, NÅR ENDRINGAR SKAL SKJE. FYLKESRÅDET VIL SOM HOVDREGEL AT FYLKESKOMMUNEN SKAL LYSA UT OG TILSETTA I HEILE, FASTE STILLINGAR. SOM INNKJØPAR HAR FYLKESKOMMUNEN EIT ANSVAR, OG EI MOGELEGHEIT, TIL Å TA GODE VAL OG PÅVERKE MARKNADAR I POSITIV RETNING. VI VIL ARBEIDA FOR AT VIKEN SKAL VÆRE EIN FØREGONGSREGION I KAMPEN MOT SOSIAL DUMPING, ARBEIDSLIVSKRIMINALITET OG SVART ØKONOMI. FYLKESRÅDET VIL ARBEIDA SYSTEMATISK MOT SVEKKING AV NORSKE LØNS- OG ARBEIDSVILKÅR.**

Fylkesrådet vil leggja FN-konvensjonen for menneske med nedsett funksjonsevne til grunn for vår politikk, og slik sikra likestilling mellom menneske med nedsett funksjonsevne og funksjonsfriske. Viken fylkeskommune skal være ein inkluderande arbeidsplass.

Vi vil utvikla ein «Vikenmodell» for innkjøp og anbod, og utvida han til å gjelda fleire sektorar. Det skal stillast krav til faste tilsettingar, krav om faglærde handverkarar, lærlingar, færre ledd med underleverandørar og krav om openheit og innsyn.

Vi vil utøva eit aktivt fylkeskommunalt eigarskap som prioriterer heilskapleg samfunnsutvikling framfor kortsiktige økonomiske interesser. Vi vil behalda eigarskapet, og satse vidare i energiselskapa i Akershus, Buskerud og Østfold. Vi vil arbeida for at fellesskapet sine ressursar, og tilgang til naturressursane, blir på fellesskapet sine hender.

Vi vil bruka dei næringspolitiske verkemidla til å styrka den distriktpolitiske profilen, arbeida for eit godt organisert arbeidsliv, samt satsa strategisk på næringar kor vi meiner fylket kan og bør gå i front.

# HØYRA TIL I VIKEN

Gode og opne lokalsamfunn kor alle føler seg velkomne, er viktig. Derfor vil fylkesrådet understreka viktigheita av at lokalsamfunn, friviljugheita, næringslivet og det offentlege går saman om å sørga for godt og vel-lukka integreringsarbeid. Inkluderingspolitikken krev at vi viser solidaritet med kvarandre, uavhengig av bakgrunn, religion og etnisitet. I Viken skal det vera plass til alle. Nøkkelen til god inkludering er språk og arbeid.

## Fylkesrådet vil:

- Bidra til raskt å kartlegga kompetanse hos nykomne innvandrarakar med mål om å koma ut i arbeid.
- Bidra med kartlegging av kompetansebehov og mogeleg utdanningsløp for nykomne med behov for utdanning eller formalisering av kompetanse.

# JORDBRUK OG SKOGBRUK I VIKEN

**FYLKET SKAL BLI EIN FØREGONGSREGION I DET GRØNE SKIFTET BASERT PÅ BIOLOGISKE RESSURSAR. PRIMÆRNÆRINGANE HAR EI AVGJERANDE BETYDING I DETTE ARBEIDET.**

Eit aktivt skogbruk vil vera eit viktig satsingsområde. Vi vil leggja til rette for avverking av skog til best mogeleg tidspunkt for kvalitet og karbonbinding, slik at fornybart grønt karbon kan erstatta fossilt karbon. Det må leggest til rette for ny industri og transport av tømmer på veg, med båt og med jernbane. Ei aktiv og berekraftig skognæring er viktig for klimaarbeidet. Fylkeskommunen skal gå framom i bruk av tre i bygg.

Skogskjøtselen må gradvis endrast slik at skogbruket sine fleirbruksoppgåver, i høve folk sine behov, kan ivaretakast betre. Skogskjøtsel må være berekraftig og skje i respekt for biologisk mangfald, sårbare naturtypar og folk sine friluftinteresser. Eit meir miljøvenleg skogbruk i Viken med auka bruk av plukkhogst, og med minst mogeleg sprøyting med plantevernemiddel og kunstgjødsel. Alt dette må gjerast meir lønsamt slik at det er økonomisk interesse i å bidra i det grøne skiftet.

Vi vil auka matproduksjonen i fylket basert på norske ressursar, og stimulera til lengre verdikjedar i landbruket. Vår region har ein betydeleg del av dyrka mark og jord i Noreg som eignar seg til korn

og grønsaker. Vi vil ha ein nullvisjon mot nedbygging av dyrka mark. Det bør ikkje bli gitt dispensasjon til nedbygging av matjord til bustadforemål, næringsforemål eller andre foremål med mindre nedbygging er strengt nødvendig av omsyn til sær presserande nasjonale samfunnsbehov. Der det ikkje finns alternativ, og dyrka eller dyrkbar mark vert bygd ned, skal jorda flyttast for å etablera areal med minst same produksjonsevne ein annan stad.

Landbruket i Viken skal bli klimasmart. Vi vil leggja fram ei landbruksmelding med fokus på primærnæringa si rolle i eit grønt skifte, og korleis sjølvforsyningsgraden på norske ressursar i regionen kan aukast. Vi vil starta pilotprosjekt for karbonlagring i jord, og stimulera agronomisk praksis som betrar klimatilpassing og aukar jorda si evne til å bitta CO2. Husdyrbruket må vera allsidig og med god dyrevelferd. Dei enorme areala med utmarksbeite i skog og fjell må nyttast betre. Denne driftsmåten i jordbruket vil berre kunna lukkast dersom lønsemda blir betre når ein brukar norske areal. I samarbeid med primærnæringane og FoU-miljøa skal fylkeskommunen arbeida for å fjerna fossile utslepp frå næringa, og redusere biologiske utslepp, gjennom blant anna førutvikling og avl.

# REISELIV OG TURISME I VIKEN

Utvikling av destinasjonar skal følja prinsippa for berekraftig reiseliv. Opplevingsnæring og destinasjonsutvikling må ha heilårs arbeidsplassar som mål, og støtta opp under lokal matproduksjon og andre næringar. Hyttenæring er viktig i mange kommunar. Gjennom smart teknologi og nye løysningar vil vi nytta kapasiteten i bygningsmasse

og infrastruktur betre, og slik også skapa nye arbeidsplassar. Vi vil bidra til at det blir lagt til rette for at det vert bygd opp lokal distriktbasert heilårsnæring, leggja til rette for god infrastruktur som gjer opplevingar lett tilgjengeleg, samtidig som at naturkvalitetane og i området blir ivaretekne.

# KYSTFORVALTING, FISKERI OG HAVBRUK I VIKEN

**ALLEMANSRETTE VED KYSTEN MÅ SIKRAST, OG VI VIL GREIA UT MOGELEGHEITA FOR Å SIKRA ALLMENNHEITA STØRRE TILGANG TIL KYSTEN. FYLKESKOMMUNEN MÅ GÅ FRAMOM I Å FÅ PÅ PLESS TILTAK FOR Å RYDDA KYST OG HAV FOR SØPPEL OG FÅ PÅ PLESS FØREBYGGJANDE TILTAK MOT FORSØPLING, INKLUDERT ETTERLETNE GARN OG TEINER. DET SAME GJED TILTAK MOT STILLEHAVSØSTERS OG ANDRE INVADERANDE ARTAR. VI VIL OGSÅ GREIA UT TILTAK FOR Å AUKA DET BIOLOGISKE MANGFALDET I FJORDEN, OG GJENNOMFØRA TILTAK FOR Å GJENOPPBYGGA TORSKESTAMMEN I OSLOFJORDEN, HUMMAR, SJØAURE OG VILL-LAKS MED FLEIRE.**

Mogeleghetene som ligger i havet og i kysten er berre ein delvis nytta ressurs i vårt område. Dette gjeld tradisjonelle fiskerinæringar, men også annan type bioøkonomi og matproduksjon. Eksisterande fiskerihamner må utviklast i samspel med fleire aktørar.

Innlandsvassdraga har også eit betydeleg potensial for matproduksjon og turisme og annan næringsutvikling. 100-metersona ved vassdrag og vatn må forvaltast strengt, og i tett dialog med parter dette rører ved, og med kommunane når skjønn må utøvast. Vi vil, i samsvar med Vannføreskrifta, arbeida for at alle vassdrag i Viken innan 2024 har God økologisk tilstand.

Vi vil at det skal bli etablert utdanningsløp i fiskeri og marine yrker på vidaregåande skular i fylket.

## TANNHELSE

Vi vil sikra eit godt og desentralisert tilbod til heile fylket. Tannhelsetenesta skal organiserast i eit heileigd fylkeskommunalt føretak. Gratis tannhelseteneste skal bydast barn og unge opp til 18 år, psykisk utviklingshemja, og eldre og langtidssjuke i institusjonar og heimesjukepleie. Føretaket har ansvar for førebyggjande tiltak for innbyggjarane, og skal

samarbeida med lokale helse- og omsorgstenesta og andre offentlege instansar.

For å sikra eit desentralisert tilbod ønskjer vi å gjennomføra forsøk der tannhelsetenesta har ambulerande tilbod i kommunar utan fast kontor og med lange reiseavstandar.

## INTERNASJONALT ARBEID

Viken skal vidareføra dei tre fylka sitt internasjonale arbeid. Folk-til-folk-samarbeid er verdifullt, og vi vil leggja til rette for internasjonal utveksling av unge under utdanning, - også for lærlingar. Vi vil hjelpa Vikens kultur- og næringsliv til å nå ein internasjonal

marknad. Fylkeskommunen skal mobilisera til nettverksbygging, partnersøk, prosjektrådgeving og søknadsvegledning. Fylkeskommunen skal hjelpa aktørar i Viken til søka, eller å ta del i, EU-programm som Horizon 2020 og liknande.

## BEREKRAFTIGE INNKJØP

Viken fylkeskommune skal ha etiske og innovative innkjøps- og investeringsrutiner med strenge klima- og miljøkrav, og mål om å minska Viken sitt økologiske fotavtrykk lokalt, regionalt og globalt. Viken fylkeskommune skal bruka sin marknadsposisjon gjennom innkjøp for å førebyggja arbeidslivskriminalitet og økonomisk kriminalitet, samt bli ein klima- og miljøbevisst innovasjons- og omstillingsmotor. I samband med innkjøpa våre, skal Viken fylkeskommune ha eit heilskapleg fokus på samfunnsansvar. Fylkesrådet vil fasa ut kjøp og bruk av eingongsplast i våre verksemder.

### Fylkesrådet vil:

- At innkjøp i fylkeskommunen skal bidra til ei berekraftig utvikling av leverandørmarknad, innan klima, miljø og samfunn.
- At fylkeskommunen har nulltoleranse når det gjeld arbeidslivskriminalitet og skal være ein pådrivar for at leverandørar overheld lovpålagte krav til løns- og arbeidsvilkår.
- At alle fylkeskommunale verksemder skal miljøsertifiserast.
- Velja fairtrade-varer der det eit alternativ.

- At alle nye tak i regi av fylkeskommunen anten skal ha solceller eller grønne tak.
- At det blir sett i gong eit Enøk-program med mål om å redusera fylkeskommunen sitt energi-forbruk betrakteleg, gjerne med opphavsgarantiar for miljøvenleg energi.
- Indirekte klimapåverknad og økologisk fotavtrykk som følge av Viken si verksemd og innkjøp skal alltid tydeleggjerast.
- Alle bygg skal være best mogeleg med tanke på klima, miljø, kortreiste og helsefremjande byggemateriale.
- At biogassproduksjon vert sertifisert med tanke på berekraft og at ingrediensane er miljøvenlege.
- Bygging i regi av fylkeskommunen skal fortrinnsvis være fossilfri, og miljøbelastning skal minimerast i alle bygg og anlegg som ein skaffar.
- At fylkeskommunen fortrinnsvis skal kjøpa kortreist og berekraftig mat.

# KULTUR, IDRETT OG FRILUFTSLIV I VIKEN

**KULTUR ER VIKTIG FOR HISTORIA VÅR, FOR KVARDAGEN VÅR OG FOR Å SKAPE EI GOD FRAMTID. EIT MANGFALD AV TILBOD INNAN KULTUR, KUNST, IDRETT OG FRILUFTSLIV ER VIKTIG FOR HEILE MENNESKET. FELLES OPPLEVINGAR GIR LIVA VÅRE INNHOLD OG BITT OSS SAMAN. DET BRYT NED BARRIERAR, OG SKAPAR FORSTÅING OG TOLERANSE. IDRETT ER MED PÅ Å GI MENNESKE AUKA LIVSKVALITET OG MEISTRING OG FELLES OPPLEVINGAR, - OG ER SAMTIDIG EIN VIKTIG ARENA FOR BETRE INTEGRERING, SOSIAL UTJAMNING OG LIKESTILLING. KULTUR, IDRETT OG FRILUFTSLIV HAR VERDI I SEG SJØLV.**

Friviljug innsats gir betre livskvalitet for heile samfunnet. Fylkesrådet har stor tru på friviljugheita si rolle for å skape fellesskap kor alle kan delta, samtidig som det er ein arena for inkludering og tilhøyr. Friviljuge organisasjonar har nytteverdi både for det dei er, og det dei skapar. Dette må vi verna om.

Viken skal ha varierte og tilrettelagte stiar, turruter og møteplassar som er tilgjengelege for flest moglege. Uansett kjønn, sosial status, bakgrunn eller funksjonsevne. Vi ønskjer at naturen, havet og sjøane våre skal bidra til auka kunnskap og bevaringa av naturområda. Ved å ha tilgang til naturen aukar kunnskapen om naturverdiane og interessa for å ta vare på han. Rett bruk og forvaltning av jakt- og fiskeressursar er viktig.

Formidling av regionen si historie er ein del av Vikens kunnskaps- og identitetsbygging. Vi vil at alle fylkeskommunale bygg kan brukast av friviljuge organisasjonar og av kulturlivet. Utan frivillige organisasjonar vil vi ikkje kunna løysa mange av dei oppgåvene vi har. Ved å styrka driftsgrunnlaget for dei friviljuge og ideelle organisasjonane, vil vi bidra med å styrka demokrati, verdiskaping, læring, lokalsamfunn og folkehelse.

Fylkesrådet vil utvikla dei regionale kulturinstitusjonane. Dette vil hjelpa og styrka andre kulturutøvande miljø rundt om i fylket. Viktige tilbydarar som regionteateret, scenekunst innan dans og teater,

filmmiljø, opera og blåseensemblen kan inkluderast og dra nytte av denne utviklinga.

Fylkesrådet vil styrka den kulturelle spaserstokken. Satsingar som den kulturelle skulesekken er viktig for å læra ungdom kunst, musikk, litteratur og scenekunst, og spelar ei viktig rolle for UngKulturMøtes (UKM). Kulturdråpen bør utvidast til heile Viken.

Fylkesbiblioteka er viktige informasjonsformidlarar og kunnskapsbyggjarar. Dei er et viktige kompetansesenter for sosiale medier, internett, kultur og samfunnsdebatt. Fylkesbiblioteka skal være eit bindeledd til dei kommunale biblioteka, med kunnskapsbygging og rådgjeving.

## Fylkesrådet vil:

- Vurdere å innføra fylkeskommunale kunstnarstipend.
- Arbeida for betre samarbeid mellom teatera, og bidra til at kultur kjem ut i alle delar av Viken.
- Vidareutvikla rabattordningar for unge, som Bizzy i Buskerud.
- Gi støtte til lokale kunstforeiningar.
- Bidra til stader for musikk og scenekunst over heile fylket, og la den offentlege kulturstøtta kome heile regionen til gode.
- Kulturdråpen bør utvidast og gjelde heile Viken fylke.
- Krevje at god avfallshandtering og ivaretaking av miljøet er eit kriterium for støtte til større kultur- og idrettsarrangement.
- Vurdera å bruka reklameflater på fylkeskommunal eigeidom til informasjon om aktuelle hendingar og arrangement, til bruk av friviljuge lag og foreiningar.
- Fylkeskommunen skal stilla strenge krav til dyrevelferd ved arrangement som inkluderer dyr der fylket gir økonomisk støtte, som for eksempel kultur- og sportsarrangement.

# KULTURMINNE OG MUSEAR I VIKEN

**KULTURMINNE ER VÅR HISTORIE OG FORVALTAST I STOR GRAD AV MUSEA VÅRE, VENNEFOREININGAR OG FRIVILJUGE. FOR Å MØTA FRAMTIDA MÅ HISTORIA VÅR TAKAST VARE PÅ. VI VIL FREMJA SAMARBEID MELLOM MUSEA OG HISTORIELAGA. FYLKESRÅDET VIL MEDVERKE TIL EIN EIGARSTRUKTUR OG ORGANISERING SOM TAR VARE PÅ GOD OG DESENTRALISERT DRIFT, OG MED GODT SAMBRUK MED SIKTE PÅ ET BETRE OG MEIR KUNNSKAPSRIKT TILBOD. VI ØNSKER EI PRØVEORDNING MED GRATIS INNGANG PÅ NOKRE VALGDE MUSE.**

Fylkesrådet vil styrka støtta til musea, og sørga for godt vedlikehald og utviding av publikumstilbodet. Vi vil styrka støtteordningar for verna og freda hus, fartøy og kulturminne. Vi vil sikra materielle og immaterielle kulturminne for ettertida, og utarbeida ein plan for korleis kulturminne kan bli gode attraksjonar både lokalt og for dei som vitjar. Det offentlege skal ha økonomisk ansvar for kulturminnevern, registrering, utgraving og sikring av fortidsminne. Fylkesrådet vil arbeida for å bevara verna og freda hus og fartøy.

# IDRETT OG FRILUFTSLIV I VIKEN

Samarbeidspartia vil sørga for å prioritere anlegg for breiddeidrett og varierte aktivitetstilbod. Viken vil støtta ein autonom, mangfaldig og demokratisk idrett, der ein sunn toppidrett kviler på ein etisk og inkluderande breiddeidrett. Vi vil leggja til rette for at alle har moglegheit til å utvikle seg i eige tempo. Vi vil utvikle samarbeidet med idrettslaga. Fylkesrådet vil at skulene i Viken skal ha tilgang på både tilpassa og spesialiserte idrettsanlegg. Det skal vera god kapasitet og vi skal ta vare på, og utvikla, eksisterande anlegg framfor å byggja nye. Medverknad med dei friviljuge organisasjonane, elevane og andre brukargrupper er viktig i dette arbeidet. Naturen er vår felles arena. Alle skal ha moglegheit til å bruka naturen, og vi har eit felles ansvar for å verne om han. Allemannsretten og det biologiske mangfaldet skal bevarast gjennom utbyggingsfrie soner og strenge praksisar mot nedbygging.

## Fylkesrådet vil:

- Saman med idretten, arbeida for at kunstgrasbanar skal vera frie for gummikuler, plast og kjemikalier som er skadelege for helse og miljø.
- Fortsetja anleggsloftet i områder med liten tilgang på idrettsanlegg.
- Støtta idrettslaga i arbeidet med god integrering.
- Ta vare på og vidareutvikla idrettsanlegga våre.
- Leggja godt til rette for at menneske med nedsett funksjonsevne kan nytta tur- og idrettsanlegg.

# VIKEN

